



Fôring av mjølkegeiter: – Yting og mjølke kvalitet

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE

Harald Volden, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap - UMB

Sammendrag

Beitesesongen nærmar seg for dei fleste geiteflokkar. For mange er perioden frå mai til september ei utfordrande tid i høve til å halde jamn mjølkeyting og god mjølkekvalitet. Av kvalitetsstatistikkane ser vi at innhaldet av frie fettsyrer i mjølka er høgast og mest ustabil i mai, juni, juli og august. - Produksjonsresultata, når det gjeld yting og mjølkekvalitet, er det beste svaret på om fôringa fungerer slik den skal i beitetida, skriver forfatterne i denne artikkelen.

Publisert

2009

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2009

Utskriftsdato

19.04.2025 www.fag.nsg.no

– Yting og mjølkekvalitet

Beitesesongen nærmar seg for dei fleste geiteflokkar. For mange er perioden frå mai til september ei utfordrande tid i høve til å halde jamn mjølkeyting og god mjølkekvalitet.

Av kvalitetsstatistikkane ser vi at innhaldet av frie fettsyrer i mjølka er høgast og mest ustabil i mai, juni, juli og august.

Geiter som har mjølka i 3-4 månader, har brukt opp mykje av kroppsreservane sine, og har utfordringar i å dekke energibehovet både til mjølkeproduksjon og til gjenoppbygging av kroppsreservar utover i midtlaktasjonen.

Samstundes er beitesesongen ein meir ustabil periode fôringsmessig. Beitekvaliteten endrar seg utover sommaren og geitene sitt beiteopptak vert styrt også av vermessige tilhøve. Kjem geitene i negativ energibalanse, er resultatet ofte fall i fett-% og/eller stigning i innhald av frie fettsyrer i mjølka.

Tiltak som sikrar eit høgt og stabilt grovfôropptak og god energiforsyning også i beitemånadane, er grunnlaget for god mjølkekvalitet og jamn yting.

Overgangsfôring

Overgangen frå innefôring til beite må skje gradvis. Vomfloraen, som er heilt avgjerande for å få god fôrutnytting og god energiutnytting, treng tid til å omstille seg til ein «ny» fôrassjon. Den første veka bør geitene ha om lag full innefôring og så gradvis meir og meir beite.

Kraftfôrmengda bør reduserast gradvis med 3-4 hg over 5-7 dagar heilt tidleg i beitesesongen når beitegraset er energi- og proteinrikt og NDF-fattig.

Det er viktig å vere klar over at for sterk kraftfôrfôring reduserer beiteopptaket og kan gi ugunstige vomforhold og dårlegare fôrutnytting.

Beiteopptak

Dei fleste nyttar utmarksbeite eller fjellbeite til geitene størstedelen av sommaren. Kor stor del av energibehovet til mjølkeproduksjon og vedlikehald geitene greier å dekke gjennom beiteopptaket er avhengig av tilhøve som; alder, vekt og mjølkeyting ved beiteslepp. Tilgang og kvalitet på beite, kraftfôrinnvå, vêrtilhøva i beitetida og kor lenge dyra beitar om dagen er også faktorar som betyr mykje. Ein må også tenke på at geitene treng energi til å gå over relativt store avstandar når dei beitar.

Faktisk kan det daglege energibehovet til vedlikehald auke med 30-40% hvis geitene går over avstandar på 6-10 km. For ei geit på 50-55 kg betyr dette eit auka energibehov på 0,2-0,3 FEM pr. dag.

Det er dei same faktorane som er avgjerande for fôr kvaliteten av utmarksbeita som dei som verkar inn på kvaliteten av innhausta grovfôr frå innmarka - slik som tidspunkt i beitesesongen og utviklingssteget til plantane. Dei ulike planteartane har ulikt næringsinnhald og ulik fordøye-


legheit og dette endrar seg også utover i beitesesongen.

Av plantegruppene inneheld urtene mest protein og mineralar. Lauv av ulike artar er også rike på desse næringsstoffa. Næringsverdien i gras og halvgras fell raskt utover i beitesesongen og innhaldet av protein og mineral er lågare enn i urter og lauv. Næringsinnhaldet i lyng og einer er ein god del lågare enn i gras og halvgras. Sidan geitene vil beite på mange planteartar, har dei lettare for å få dekt næringsbehovet sitt i beiteområde med variert plantesetnad enn der det finst nesten berre lyng, gras og halvgras. Det er gjort fleire registreringar av geiter sitt fôrøpptak på fjellbeite og utmarksbeite.

Slike registreringar har synt at fôrøpptaket gjerne ligg på 1,2-1,3 FEM hos vaksne geiter og 0,9-1,0 FEM hos ettåringar i første del av juli ved tilgang til beite heile døgnet.

I siste halvdel av juli og utover i august går det daglege fôrøpptaket ned med 0,1-0,2 FEM.

Dersom ein avgrensar beitetida til geitene ved å ha dei inne om natta, vil



Figur 1. Prosent prøver under 1,8 mmol FFA i perioden januar til desember 2008.

dei ha eit ytterligare lågare fôropptak. Den beste rettesnora for å vurdere om energitilførselen er god nok, er å vurdere utviklinga i mjølkeyting og mjølkekvalitet. I praksis ser ein ofte at nedgang i tørrstoff-% og auke i innhald av frie fettsyrer i mjølka, fell saman med at beitekvaliteten går attende i juli og august. (Figur 1.) I tillegg får mange geiteflokkar avgrensa beitetid ved at dei står inne om natta.

Figuren viser at innhaldet av frie fettsyrer er høgast i mai, juli og august. I mai månad er situasjonen ofte at geitene har brukt mykje av kroppsfettet og dei er også på eit tidspunkt i laktasjonen der noko av energien frå fôr og fett vert kanalisert frå juret til å bygge oppatt fettreservar. I juni er beitet på det beste og energiforsyninga og fettinnhaldet i beitet er betre, men fell utover i juli og august.

Om ein ikkje kompensere for fall i energiopptak frå beite ved at ein tilleggssfôr med grovfôr, påverkar dette tørrstoff og innhald av frie fettsyrer i mjølka i negativ lei.

Beite er ein viktig ressurs i geitmjølkproduksjonen, men geitene stiller store krav til energi- og proteinforsyning for å kunne produsere mjølk med høgt tørrstoffinnhald og lågt innhald av frie fettsyrer.

Kraftfôr i beiteperioden.

Kraftfôrnivået i beiteperioden må rette seg etter beitekvalitet, sannsynleg opp- tak av beitegrøde og ikkje minst utvikling i mjølkeyting og mjølkekvalitet. Et høgt kraftfôr nivå vil redusere beiteopptaket, særleg tidleg i beitesesongen når beitekvaliteten er best. I beitetida får ein heller ikkje delt opp kraftfôret i fleire delingar pr. dag og vombelastinga kan bli stor ved større mengder kraftfôr. Særleg gjeld dette hvis geitene står inne heile natta uten tilgang på grovfôr etter kveldsmjølkinga. Oppdeling av kraftfôr rasjonen før og etter mjølking både morgon og kveld vil bidra til å halde eit gunstigare vommiljø. At det går 1 til 2 timar mellom kraftfôrtildelingane vil hjelpe på og oppretthalde eit betre vommiljø.

Å gi mindre kraftfôrmengder om morgonen i høve til om kvelden, kan bidra til at geitene beitar meir om dagen. Ei fordeling med 30% av kraftfôrmengda om morgonen og resten

Bygge nytt eller restaurere ?



Brannsikring med "nødopplukk" bør ein ta med i planløsning !

Forhekken Groland eller tradisjonsinnredning med oppdelte eller langsgående eteopningar.

Norskprodusert strekkm metall.

Du får det som du vil

Kom med dine planar og tankar.

Grobakken Landmek A/S

2943 Rogne.
E-post: Grobakken.Landmek@c2i.net
www.groland.no
Telefon 61342550 /fax 61342551/mob

om kvelden er aktuelt å prøve med kraftfôrmengder på t.d. opp til 0,8 kg om dagen.

Ligg kraftfôr nivået høgare enn dette kan fordelinga vere 40/60 for ikkje å få for stor rasjon om kvelden.

Tilråding om kraftfôr nivå på beite:

God beitekvalitet: 0,5-0,7 kg

Normal/ middels

beitekvalitet: 0,7-0,9 kg

Ein bør auke kraftfôr nivået med 0,2-0,3 kg når beitekvaliteten avtar.

Variasjonane i beitekvalitet og fôr- opptak er store, så ein lyt alltid bruke egne produksjonsresultat til å vurdere fôrstyrken til ei kvar tid.

Støttefôring i beitesesongen

Den beste måten å sikre ein meir stabil fôringssituasjon for geitene gjennom beitetida, er å gå inn med tilleggssfôring med grovfôr. Rundballar av god kvalitet, både i forhold til energiinnhald og gjæringskvalitet, vil auke grovfôr opptaket og vere med å sikre god energiforsyning og godt vommiljø. Håbeite eller at ein slår til geitene i tillegg til utmarksbeite, er også måtar å auke grovfôrtilgangen. Geitene må ha gradvis tilvenning til håbeite, og må ha

Leine Merino

Ren Norsk merinoull med naturlig lanolin



Strikk og vevgarn:
1,2,3 og 4-tråds garn
Kardet og lett vasket
merinoull til filting

www.leinemerino.no, mob 9771 5081
anders@leinemerino.no,

tilgang til NDF-rikt fôr ved sida av. Faren for enterotoxemi er stor ved brått fôrskifte og større mengder strukturfattig og proteinrikt gras.

I tilfeller der ein ikkje har praktiske forhold for å gi tilskot av grovfôr, er det aktuelt å bruke kraftfôrslag med høgt fiberinnhald i tillegg til det kraftfôret ein brukar som hovudkraftfôr. Tilskot på 0,2-0,4 kg fiberrikt kraftfôr som ein stabil «grunnrasjon» kan prøvast i periodar der ein erfaringsmessig veit at kvalitetsutviklinga på mjølka går i uønska retning.

Produksjonsresultata, når det gjeld yting og mjølkekvalitet, er det beste svaret på om fôringa fungerer slik den skal i beitetida.

Av Helga Kvamsås og
Harald Volden